

STYREPROTOKOLL

Torsdag **29. september 2022** heldt styret for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS styremøte. Møtet blei leia av styreleiar Siv Bente Stople Østbø.

MØTESTAD:	Tysvær Rådhus, Kårstørommet
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 15.30 – kl. 16.15
STYREMEDLEMMER SOM MØTTE:	Siv Bente Stople Østbø og Astri Furumo
VARAMEDLEM SOM MØTTE:	Steinar Skartland (personleg vara for Endresen)
FORFALL:	Ernst Morgan Endresen (meldt seg ugild i sak 30)
FRÅ SELSKAPET MØTTE:	Dagleg leiar Toril Hallsjø
INNKALLING:	Møtet var ekstraordinært og med kort varsel
SAKSLISTE:	Godkjent

Styreleiar ønskte varamedlem velkommen til sitt fyrste styremøte.

Følgjande saker blei handsama:

SAK 28/22 – GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 21.09.22

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå styremøte i HKS IKS den 21.09.22 blir godkjent.

Styrehandsaming 29.09.22:

Styret hadde ingen innvendingar. Dei var nøgd med tilleggspunkt 4 i sak 24/22 om IKA.

Samrøystes vedtak 29.09.22:

Protokoll frå styremøte i HKS IKS den 21.09.22 blir godkjent.

SAK 29/22 – REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 29.09.22

20. Tolkingsuttale om openheitslova og IKS-lova

21. Addera Regnskap & Rådgivning – Prisendringar frå 01.01.23

Styrehandsaming 29.09.22:

Dagleg leiar orienterte om ny lov, som ho hadde lite kjennskap til. Skartland opplyste at lova gjeld for «større verksemder» med tilsette over 50 årsverk, salsinntekt på 70 mill. og/eller balanse på 35 mill. kr. Han viste til Forbrukertilsynet si nettside for meir info.

Styreleiar meinte at alle interne kostnader bør vurderast med jamne mellomrom, men når det gjaldt Addera var dette enno litt tidleg.

Samrøystes vedtak 29.09.22:

Styret tar referatsakene 20-21 til orientering.

SAK 30/22 – TILSETTING AV NY DAGLEG LEIAR

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vedtar å gje Odd Gunnar Høie tilbod om stilling som dagleg leiar frå

Styreleiar får fullmakt til å inngå arbeidsavtale med dagleg leiar.

Styrehandsaming 29.09.22:

Styreleiar opplyste at nestleiar Ernst Morgan Endresen hadde meldt seg ugild då ein av dei fire aktuelle var ein arbeidskollega, jr. FVL § 6, 2. ledd. Frå Human AS var det oversendt ein innstillingsprotokoll basert på styreleiar og Furumo sitt Teamsmøte 27.09.22. Protokollen var sendt ut dagen før til styret.

Styreleiar viste til tidlegare informasjon om prosessen i møtet 21.09.22 og til vedlagt protokoll. Der kjem det fram at intern søkjar kan vise til direkte relevant erfaring og fagkompetanse som ikkje dei andre søkerane kan vise til i same grad. Ut frå ein vektlegging av relevant fagkompetanse og ein heilheitsvurdering har ho og Furumo valt å innstille Odd Gunnar Høie som einaste kandidat.

Neste trinn vil vere å tilsette rådgjevar, kor det vil vere naturleg å ta med i prosessen ny dagleg leiar.

Dagleg leiar meinte det var praktisk med tiltreding frå årsskiftet då mykje må meldast om skifte. Styreleiar vil informere og utarbeide arbeidsavtale. Dagleg leiar blei bede om å sende over utkast til mal. Styret ønskte ei snarleg avklaring.

Styret slutta seg til innstillinga med tiltredingsdato 01.01.23

Samrøystes vedtak 29.09.22:

Styret i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vedtar å gje Odd Gunnar Høie tilbod om stilling som dagleg leiar frå 01.01.23.

Styreleiar får fullmakt til å inngå arbeidsavtale med dagleg leiar.

YMSE

Ingen saker var meldt i forkant eller blei tatt opp.

Neste styremøte etter møteplan er sett til **onsdag 7. desember**, men styret vil bli kalla til **ekstraordinært møte** om tilsetting i rådgjevarstillinga.

Aksdal, 29. september 2022

Siv Bente Stople Østbø (sign.)
Styreleiar

Toril Hallsjø (sign.)
Dagleg leiar